

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 14/7381-1

## Skriv og meldingar til hovudsamarbeidsutvalet 13. november 2014

Hovudsamarbeidsutvalet tek skrive og meldingar til vitande.

### Melding 1) Tilskot til hospitering 2014 – innkomne og innvilga søknader

Hospiteringsordninga gjeld for faste og mellombels tilsette. Formålet med ei hospiteringsordning er å gje tilsette høve til utvikling, fagleg fornying og utveksling av erfaring. Ordninga er også meint å skulle medverke til betre samordning og fellesskap innan den fylkeskommunale verksemda.

Hovudsamarbeidsutvalet får her ei orientering og ei oversikt over innkomne og innvilga søknader. Tabellen under syner bruken av tilskotsordninga i perioden 2004 fram til i dag.

Uprenta vedlegg – oversikt over innkomne og innvilga søknader på detaljnivå kan leggst fram i møtet.

<b>Oversikt over søknader om tilskot til hospitering i perioden 2004-2014</b>												
<b>Eining</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>Tal søknader i perioden</b>
PPT Sogndal	-	-	-	-	-	-	-	-	1	0	1	2
PPT Eid og Vågsøy	-	-	-	-	-	1	-	-	-	0	1	1
Fagskulen i Sogn og Fjordane	-	-	-	-	-	-	-	-	1	0	1	2
Sogn Jord og Hagebruksskule	-	-	1	-	-	-	-	-	-	0		1
Firda vgs	-	-	1	-	-	-	-	-	-	0		1
Fylkesarkivet	-	-	-	-	-	-	-	1	1	1		3
Fylkesbiblioteket	-	-	-	2	-	-	-	-	1	0	1	4
Høyanger vgs	2	1		1	-	-	-	1	-	0	2	7
Luster vgs	-	-	-	-	1	-	1	3	-	1		6
Stryn vgs	-	1	-	-	-	2	-	-	-	4	2	9
Sentraladministrasjonen	1	-	1	1	-	-	1	3	-	0	1	8
Årdal vgs	1	-	1	2	-	1	-	2	-	1	1	9
Hafstad vgs	2	3	3	-	1	1	-	-	-	1		11
Dale vgs	-	-	1	-	1	3	2	-	1	4	2	14
Måløy vgs	1	2	-	-	-	1	4	3	2	3	2	18
Mo og Jølster vgs	-	-	1	2	4	2	-	2	2	3		16
Flora vgs	1	-	2	5	-	2	4	-	-	2	2	18
Eid vgs	1	-	4	6	1	4	2	-	4	1	4	27
Sogndal vgs	1	2	3	1	1	1	6	2	3	5	3	28
Tannhelsetenesta	-	-	4	4	7	5	5	3	1	1	10	40
Øyrane vgs	6	7	1	6	9	8	5	9	8	6	2	67
Tal søknader totalt per år/i perioden	16	16	23	30	25	31	30	29	25	33	34	292

### Melding 2) SFJ 2019: retningslinjer for internkommunikasjon og samla arenaoversyn

Med utgangspunkt i kommunikasjonsplattforma skal det løpande arbeidast med utvikling og gjennomføring av kommunikasjonsplanar både samla og sektorvis innanfor SFJ 2019. Interne målgrupper er tilsette, einingsleiarar, tillitsvalde og verneombod. Aktivitetsplanen er hovudgrunnlaget for ei løpande vurdering av no-situasjonen, behovet for internkommunikasjon og oppdaterte kommunikasjonsplanar. Vi har fire overordna mål for internkommunikasjonen:

1. Tillit mellom og til leiarar, tilsette og tillitsvalde/verneombod: Leiinga må basere sin kommunikasjon på dei same grunnverdiane (les: kommunikasjonsplattforma), og stå fram samla og koordinert i informasjonsarbeidet.
2. Skape forståing og erkjenning av samla omstillingsbehovet i fylkeskommunen, innan sektorane og overfor dei tilsette sine arbeidsoppgåver. Medverknad og god kommunikasjon gjev større toleranse og aksept for endringar, og bidreg til betra resultat og stabilitet.
3. Kommunikasjon skal handterast på ein profesjonell måte der vi viser respekt for tilsette si auka uvisse. Grunngeving for omstillinga, prosessar, gjennomføring og mulegheiter for medverknad må kommuniserast.
4. Ivareta omdøme som ein ansvarleg arbeidsgjevar.

Det fullstendige dokument **SFJ 2019: retningslinner for internkommunikasjon og samla arenaoversyn** vert ettersendt så snart dokumentet er ferdigstilt.